



Lars Bjørn Lygre  
Lurevegen 1498  
5912 Seim

Dato: 12.06.2017  
Vår ref.: 2016/18037-11  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

## Tilbakemelding etter synfaring - Lygra Indre - gnr 58 bnr 7 - Lindås kommune

Viser til tidlegare korrespondanse i samband med søknad om frådeling av ei bustadtomt på gnr. 58, bnr. 7 på Lygra Indre i Lindås kommune, seinast i e-post datert 08.06.2017. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

### Kva sak gjeld

Det er kjent ei rekke førhistoriske gravfunn på Lygra. Den omsøkte tomta omfattar i nordvest delar av eit automatisk freda kulturminne, eit gravminne frå jernalder med Askeladden-id 45456. Sjurhøgjen ligg i grense mellom bnr. 3 og bnr. 7. Hordaland fylkeskommune har tidlegare rådd ifrå denne plasseringa av den nye eigedomen, jf. vårt brev datert 21.11.2016. Den 05.05.2017 vart det utført synfaring i det aktuelle området for å vurdere eventuell ny plassering av tomta.

### Vurdering

Det aktuelle gravminnet ligg på ein markert naturleg haug i terrenget. Den omsøkte tomta ligg lågare i terrenget. Høgdeforskjellen mellom gravminnet og tomta er ikkje stor nok til å hindre skjemmande effekt eit nytt bustadhus vil ha for det automatisk freda gravminnet. Jamfør nasjonale føringar i høve kulturminneforvaltninga er det eit mål å bevare automatisk freda kulturminne i eit mest mogleg urørt kulturhistorisk landskap.

### Konklusjon

Kulturminnet si utstrekning og dei topografiske tilhøva på staden gjer at bygging av bustadhus på den omsøkte tomta ikkje kan godkjennast av Hordaland fylkeskommune. Vi ber søkeren om å finne ei alternativ plassering for tomta. Forslag til ny plassering av tomta kan sendast til oss for vurdering før det sendast til Lindås kommune. Eventuell ny søknad om frådeling og byggesøknad på tomta må leggast fram for Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneomsyn, jf. § 3 i kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune  
Fylkesmannen i Hordaland